



# Hjelmeland kommune

Det kongelige landbruks- og matdepartement

Dykkar ref..

Vår ref.

09/1298-11/11/3145

Arkivkode:

V11

Dato:

22.02.2011

## HØYRINGSUTTALE - NY FORSKRIFT OM KVOTEORDNINGA FOR MJØLK

Hjelmeland kommune ønskjer å gi ein uttale til ny forskrift om kvoteordninga for mjølk. Me er klar over at kommunane i utgagnspunktet ikkje er høyningsinstansar til denne forskrifta, men me håpar likevel at kommunen sin uttale er av interesse.

Uttalen er gitt av formannskapet i møte 18. januar og kjem fram av den vedlagde møteboka.

Med helsing  
Forvaltningsseksjonen

Torborg Kleppa  
rådgjevar jordbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*

# HJELMELAND KOMMUNE

## Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	Utval	Møtedato
005/11	Formannskapet	18.01.2011
Arkivkode	Sakshandsamar	Arkivsak/j.post
V11	Torborg Kleppa	09/1298 11/225

### HØYRING - NY FORSKRIFT OM KVOTEORDNINGA FOR MJØLK

#### Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune har følgjande uttale til forslag til ny forskrift om kvoteordninga for mjølk:

- Kommunen tykkjer det er positivt med ei generell oppmjuking av kvoteregelverket, og reknar med at det vil vera positiv for dei som ønskjer å halda fram med, og også utvikla sin mjølkeproduksjon.
- Kommunen tykkjer det er særskilt positivt at forslaget opnar for at leveransekravet for å aktivera sovande kvotar blir fjerna.
- Kommunen er skeptisk ei opning for at fleire kvotar kan produserast i saman i eit fellesføretak, utan at det blir berekna ein samdriftskvote, jf. § 4 i forslaget.

Hjelmeland, 11.01.2011

Arild Bogenes  
konstituert rådmann

### 18.01.2011 FORMANNSKAPET

#### Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

#### FSK-005/11 Vedtak:

Hjelmeland kommune har følgjande uttale til forslag til ny forskrift om kvoteordninga for mjølk:

- Kommunen tykkjer det er positivt med ei generell oppmjuking av kvoteregelverket, og reknar med at det vil vera positiv for dei som ønskjer å halda fram med, og også utvikla sin mjølkeproduksjon.
- Kommunen tykkjer det er særskilt positivt at forslaget opnar for at leveransekravet for å aktivera sovande kvotar blir fjerna.
- Kommunen er skeptisk ei opning for at fleire kvotar kan produserast i saman i eit fellesføretak, utan at det blir berekna ein samdriftskvote, jf. § 4 i forslaget.

**Dokumentliste:****Vedlegg:**

Dok.dat	Tittel	Dok. ID
11.01.2011	Forslag_til_ny_forskrift_om_kvoteordningen_for_melk.pdf	91356
11.01.2011	Hoeringsnotat_Forslag_til_ny_forskrift_om_kvoteordningen_for_melk.pdf	91357

**Samandrag:**

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag til ny forskrift om kvoteordninga for mjølk. Rådmannen tilrår at kommunen gir høyringsuttale der ein er positiv til ei generell oppmuking av regelverket, særleg kva gjeld forholdet til sovande kvotar. Ein er skeptisk til ei lik forvaltning av enkeltpersonføretak og fellesføretak for kvotemengder under 400 000 liter.

**Fakta:**

Hovudføremålet med kvoteordninga for mjølk er å tilpasse mjølkeproduksjonen til muligheten for avsetting i markedet. Som i norsk landbrukspolitikk elles, er struktur- og distriktpolitiske omsyn sentrale og skal ivaretakast. Det vil blant anna seia målet om eit landbruk over heile landet og ein variert bruksstruktur.

I jordbruksforhandlingane 2008 ble det vedtatt å gjennomføra ein gjennomgang av kvoteordninga for mjølk. Ein premiss for gjennomgangen var at kvoteordninga i seg sjølv skulle vidareførast. Målsettinga var å føreslå forenklingar i regelverket, og meir stabile rammevilkår for mjølkeprodusentane. Landbruks- og matdepartementet har nå lagt ut eit nytt forslag til kvoteforskrift på høyring.

**Hovudtrekk i endringsforslaget:**

Med forslaget vil det bli enklare å produsera på fleire kvotar, anten gjennom leigeforhold eller ved å inngå i ulike former for samarbeid eller fellesføretak (for eksempel samdrift). Mjølkeproduksjon på det einskilde føretak berre avgrensast av dei eksisterande omsetningsregionane og maksimalgrensa på 400 000 liter kumjølkkvote. Det vil seia at eit føretak kan kjøpa eller leiga seg opp til ein kvote på maks. 400 000 liter.

Fellesføretak vil få same regelverk som enkeltpersonsføretak så lenge føretaket ikkje produserar meir enn samla disponibel kvote, under maksimalgrensa for produksjon og kvotane ligg i same region. Dette medfører bl.a. at antalls- og avstandsbegrensningar blir fjerna, og at alle typar føretak også kan leige kvote.

Fordi slike fellesføretak blir å sjå på som eit enkeltpersonsføretak betyr det at dei deltar i samdrifter med over 400 000 liter kumjølkkvote er dei same som før. Det vil seia at kvotetaket er 750 000 liter og at det ikkje kan vera meir enn 5 deltarar, som ikkje kan liggja meir enn 17 km frå der kvoten blir produsert. Samdrifter over 400 000 liter kan heller ikkje leige kvote.

For samdrifter over 400 000 liter kumjølkkvote er det likevel ikkje foreslått endringar i forhold til gjeldande regelverk. Det vil seia at vilkåra for å etablira samdrifter med over 400 000 liter kumjølkkvote er dei same som før. Det vil seia at kvotetaket er 750 000 liter og at det ikkje kan vera meir enn 5 deltarar, som ikkje kan liggja meir enn 17 km frå der kvoten blir produsert. Samdrifter over 400 000 liter kan heller ikkje leige kvote.

Kvotleige er ikkje særskilt regulert i forslaget. Dette medfører at leigeforholdet blir eit reitt privatrettsleg forhold, produsentane i mellom. Dermed fell dagens vilkår for kvote-leige bort, det vil seia kravet om 5 års leigekontrakt og regelen om at det ikkje er råd å vera utleigar og legetakar samstundes.

Såkalla sovande kvotar, altså kvotar som ikkje blir nytta på bruket, og heller ikkje er leigde bort eller inngår i samdrift, kan etter den føreslegne endringa setjast i produksjon igjen ved

sal, utleige, eller i ei eller anna form for samarbeid med eit nabobruk. Kravet om at det må leverast mjølk frå bruket i to år før den kan leigast ut eller nyttast i samdrift er føreslått fjerna.

Vidare legg forslaget opp til at det skal bli lettare for nye produsentar å etablera seg, og at ein skal kunne kjøpe kvote både privat og av Staten når ein ønskjer å etablera seg som ny mjølkeproduzent. Det skal også kunna gå an å leiga kvote for å starta opp med mjølkeproduksjon.

Det blir dessutan opna for at ein, dersom ein ønskjer det, kan selja berre deler av kvoten. Ein er altså ikkje nøydd til å selje alt eller ingenting.

**Lover, føresegner, rundskriv:**

Forskrift 7. januar 2003 nr. 14 om kvoteordningen for melk - (gjeldende kvoteforskrift)

Kvoteordninga for mjølk er ein del av marknadsordninga for mjølk, og er heimla i lov 10. juli 1936 nr. 6 til å fremja umsetnaden av jordbruksvaror (omsetningsloven) § 5 a.

**Økonomiske konsekvensar:**

For kommunen har denne saka ingen direkte økonomiske konsekvensar.

**Vurdering og konklusjon:**

Forslaget utgjer ei vesentleg oppmjuking av kvoteregelverket. Samstundes held ein fast på ordninga med kvotar, kvotetak og omsetningsregionar. Etter rådmannen si vurdering er det viktig halda fast ved kvoteordninga for å ta vare på mjølkeproduksjonen i heile landet, og for å ta vare på ein variert bruksstruktur.

Hovudtrenden i endringsforslaget er at mjølkekvote i mykje større grad enn tidlegare kan flyttast mellom ulike mjølkeproduksjonsføretak. Eit føretak skal til og med kunna produsera mjølk på fleire bruk. Ein del av desse forenklingane har vore etterspurt av dagens produsentar for å gi betre rom for utviding og utvikling av mjølkeproduksjonen.

For Rogaland sin del så trur rådmannen, at den føreslegne oppmjukinga av regelverket kan vera positiv for dei som ønskjer å halda fram med, og også utvikla sin mjølkeproduksjon. Ein trur også at det kan vera med å medverka til at tilbod av kvote for sal eller leige blir større, og dermed at prisane kan gå noko ned. Vidare at det i sin tur kan medverka til at ein får behalda ein større del av mjølkemengda i distrikta - at straumen av mjølk til Jæren blir noko mindre stri enn han har vore til nå.

Eit endringsforslag går ut på å fjerne leveransekravet for sovande kvotar. Det vil seia at ein kvote som ikkje er i produksjon, kan setjast i produksjon igjen ved kvoteleige eller i eit fellesføretak direkte, utan at den først blir sett i produksjon igjen på det bruket der kvoten hører til. Dette er eit tema som ordføraren og administrasjonen tidlegare har engasjert seg i. I Hjelmeland kommune har me fem sovande kvotar med samla kvote på 277 292 liter. På landsbasis utgjer dei sovande kvotane 42 millionar liter. Produksjonen på desse brukta er stort sett avslutta før det blei opna for leige av kvote, frå og med kvoteåret 2009/2010. I ein del tilfelle er det kanskje litt ekstraordinære omstende som har ført til at mjølkeproduksjonen har blitt avslutta. Med gjeldande regelverk har det vore svært tungt å få kvoten i produksjon igjen, og bruket som kvoten tilhører har måttå sjå at kvoten har gått tapt utan at ein har fått henta ut inntekter fra den ressursen som kvoten faktisk er for bruket.

Etter at det blei opna for å leige bort kvote er det ikkje lenger særleg aktuelt med sovande kvotar. Difor trur rådmannen at det er rett at det blir gitt ein mulighet for å få desse kvotane i produksjon igjen, til dømes ved leige eller i ei eller anna form for fellesføretak. I ein del tilfelle ser ein for seg at desse kvotane kan setjast i produksjon igjen t.d. gjennom samdrift med bruk i same bygd eller kommune. Det kan såleis vera eit verkemiddel for å halda på kvotane i bygda. Den totale mengda kvotemengda som er sovande er heller ikkje så stor at den vil velta marknadsbalansen. For heile landet utgjer dei sovande kvotane om lag 2,5% av samla kvotemengd.

Ein vil likevel understreka at ein er noko usikker på den effekten av endringane, både lokalt og for heile landet, og på kort og på lang sikt.

Forslaget medfører at samarbeid mellom fleire gardsbruk om mjølkeproduksjon vil vera tillate, også utan at det formelt er godkjent ein samdriftskvote. Føresetnaden er altså at den samla kvoten er under 400 000 liter. Då gjeld ikkje dei same avgrensingane kva gjeld tal medlemmer og avstand som for ordinære samdrifter. Den openberre haka med slikt samarbeid er at dei mjølkeproduksjonsbruka som samarbeidar vil bli rekna som eit føretak med rett til eitt produksjonstilskot. Rådmannen har ut i frå dette vanskeleg for å sjå for seg at slike fellesføretak i det heile vil vera aktuelle, og har vanskar med å sjå kva ein vil oppnå med å opna for slikt samarbeid. Dessutan er ein redd for at slike fellesføretak vil bli ei utfordring for landbruksforvaltinga blant anna i forhold til regelverket kring produksjonstilskot. Departementet har tilrådd at for å kompensera for den uheldige effekten i høve til produksjonstilskot så kan partane i jordbruksforhandlinga vurdera om ein skal gjera noko med satsane for arealtilskot og husdyrttilskot. Blant anna ved å auka satsane for dei føretaka som har over 250 daa, og eventuelt flata ut den trinnvise fordelinga av husdyrttilskotet. Rådmannen er særskilt skeptisk til ei slik ordning, og trur det vil undergrava alle fromme ønskje om ein variert bruksstruktur over heile landet. Dersom ein aukar fordelane for dei store bruka (også dei som ikkje samarbeidar om mjølkeproduksjon) vil ein berre gi gass til rasjonaliseringa og strukturendringa i norsk landbruk. Dersom ein framleis ønsker ei levedyktig landbruksnæring i Hjelmeland og andre distriktskommunar, må ein vera varsom med slike grep.

Endringsforlaget legg opp til at det skal kunna gå an å etablera seg som mjøkeprodusent frå ein landbrukseigedom som i utgagnspunktet ikkje har kvote, anten ved leige eller kjøp. Rådmannen trur at dette er eit fornuftig grep. Dersom nokon ønskjer å etablera seg som mjøkeprodusent, og greier å ta det løftet det er å byggja seg opp frå botnen, så bør næringa ønskja desse velkomne.

#### Konklusjon:

Hjelmeland kommune bør gi uttale til forslag til ny forskrift for kvoteordninga for mjølk. Uttalet bør gi uttrykk for at ein generelt positiv til ei oppmuking av regelverket, og at ein meiner det er særskilt positivt at ein føreslår at dei sovande kvotane kan aktiviserast direkte, og at leveransekravet blir fjerna. Vidare er ein skeptisk til å etablera ei opning for at fleire kvotar kan produserast i saman i eit fellesføretak, utan at det blir berekna ein samdriftskvote.